

# KULTUR



I GANG: Frå venstre Heidi Børresen, John Folkvord, Nina Andersen og May Lis Stangeland. I bakgrunnen skimtar me Milrid Molnes (Foto: Rune Grønås).

## Herleg revysuppe frå entusiastisk revyggjeng

Lurarevyen er igjen i siget, i mars går den nittande revyen av stabelen.

BORGHILD GUDMESTAD

I år har den dyktige revyggjengen frå Lura fått med seg Øyvind Angeltveit som regissør på årets Lurarevy som har fått namnet «Kom an!». Det er fyrste gong den erfarne skodespelaren, tekstforfattaren og komikaren jobbar med Lura Revyteater.

### Vestlandshumor

Han trivst med å koma til Vestlandet og jobba med humor her.

- Det er litt som å koma heim, å koma til Vestlandet. Me har kome godt i gang, det er ein veldig gøy å koma til denne gjengen. Folk i Lurarevyen er veldig oppegående, dei veit kva dei held på med, fortel Angeltveit.

Angeltveit trur det er ein humor som er vestlandsk, og som han kjenner seg heime med. Han ser at revytradisjonen står sterk i Norge, spesielt i småbygdene, der ikkje akkurat Sandnes er ei småbygd.

Medlemmane av Lura Revyteater har skrive mykje av tekstane sjølve, så har det heile blitt sydd saman av regissøren.

### Nye kostar

Mange av skodespelarane har stått på scenen i Lura bydelshus i nærare 12 år. Framsyninga nummer 100 vil kanskje innehalda ei overrasking nå i mars.



LURAREVYEN: Opningsnummeret blir drilla inn på bydelshuset på Lura (Foto: Rune Grønås)

I år har revyggjengen fått med seg nokre nye skodespelarar. John Austvoll er ein av dei, medan Steffen Sandberg har tatt steget frå Lura ungdomsteater til Lura Revyteater. Nå står han på scenen under Lurarevyen.

Humoren i stykket er gjenkjenneleg, ein treng ikkje vera frå Sandnes eller Rogaland får å tak i humoren. Skodespelarane presenterer det som er ei herleg revysuppe med songar, sketsjar og mykje galskap.

- Frå jul og fram til premieren i mars har heile ensemblet i periodar nesten flytta inn på bydelshuset på Lura, fortel Øyvind Brunvær, veteran og revysjef i Lura Revyteater.

### Mange prisar

For to år sidan stakk revyggjengen på Lura av garde med heile tre prisar på Revyfestivalen på Høylandet. Dei blei norgesmeistrar i klasse «Beste sketsj». Øyvind Brunvær og kona Peggy Brunvær fekk «Peter Bergs Ærespris» for arbeidet dei har gjort for amatørrevyen. I

tilllegg fekk revyteateret «Toillingprisen», som blei delt ut etter ei avstemning blant dei som arbeidde på festivalen.

### NM

I år er den dyktige revyggjengen kvalifisert til NM på Høylandet i juli. Då skal dei konkurrera med hundre andre innslag.

- Dette vitnar om at me har gjort noko rett, kommenterer Brunvær.

Revyggjengen set stor pris på å få vera med på NM, der dei denne gongen skal ha eit innslag om Iphone. NM er også ei god anledning til å møta andre som driv med det same, utveksla idear og erfaringar.

### Fullt hus

Dei siste åra har Lurarevyen spelt for smekkefullt hus på alle framsyningane, og dei håper sjølvstakt at alle åtte forestillingane blir selde ut i år også. Musikken står Inge Enoksen og hans eminente musikarar for også i år. Det borgar alltid for kvalitet.

**SISTE SJANSE! - EKSOTISKE CRUISE FRA DUBAI I 2013 med Serenade of the Seas**  
 Avreise: 21. februar - 04. mars: Få plasser igjen!  
 Pris fra kr. 15.750,- pr. person

Prisen inkl. • Fly t/r til Dubai • 7 netters cruise med Serenade of the Sea • Full pensjon om bord, underholdning, skatter/avgifter • Tips til personalet om bord på skipet • All transport i forbindelse med program • 3 hotellovernattinger m/frokost i Dubai • Sightseeing i Dubai m/lokal guide • Shoppingtur i Dubai • Inngangsbillett til Burj Khalifa (verdens høyeste tårn) • 1 middag Burj Al Arab (seilhotellet) • Ørkensafari m/underholdning og middagsbuffet • 1 middag siste kveld i Dubai • Reiseleder: Oddbjørg Måland ved min. 20 påmeldte. Forbehold om trykkfeil og prisendringer.

CARICA AS - Cruiseeksperten - Tlf: 51 63 74 00  
 Jakob Askelandsvei 9, 4314 Sandnes - post@carica.no www.carica.no